

- Ikkje så enkelt

2023-03-10

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

24 NYHETER

Fredag 10. mars 2023

NATIONEN

Skyt ned mjølkeforslag:

- Ikkje så enkelt



WTO-TROBBEL: Forslaget om eit beitetilskot som blir betalt ut per liter mjølk produsert på beite vil etter alt å dømme ikkje unngå WTO-taket på prisstøtte, ifølgje fagfolk. Forkjempar held derimot

Eit beitetilskot per liter mjølk vil truleg bli rekna som handelsvridande i WTO, ifølgje fagfolk. Forkjempar gir ikkje opp håpet.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

LANDBRUK

Forslaget om eit nytt beitetilskot med betaling for kvar liter mjølk produsert på beite får tomme ned frå fagfolk med kjenskap til WTO-systemet.

Tanken om at tilskotet kan reknast inn i såkalla «grøn boks», og med det unngå WTO-taket i «gul boks», blir langt på veg karakterisert som ønsketenkning.

- Viss ein knyter tilskotet til produsert volum, så er det i utgangspunktet prisstøtte som går i gul boks. Det er nok ikkje så enkelt at ein unngår WTO-taket ved å knyte tilskotet til ein viss produksjonsform. I tilfel-



HANDELSVRIDANDE: Torbjørn Tuft (i midten) frå AgriAnalyse seier forslaget om eit nytt beitetilskot utbetalt per liter mjølk openbert vil bli sett på som handelsvridande innanfor WTO-systemet. Her saman med Anne Bunger (t.v.) og Astrid Thuén.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

ville det vore enkelt å tilpasse seg reglane, seier dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug.

- Inga reell løysing

Smedshaug seier forslaget minner meir om høgttenking og forsøk på «grønvasking» enn realisme.

- At ein skulle klare å grønvaske eit slikt tilskot gjennom beiting er ikkje opplagt. Det minner meir om høgttenking

enn ei reell løysing, men det er sjølv sagt lov, seier han.

Forslaget vil ifølgje Smedshaug etter alt å dømme bli rekna inn i såkalla gul boks i WTO og med det kome i same kategori som å heve målprisen på mjølk.

- Ja, elles kunne ein kopla prisstøtte til produksjonsform for å unngå heile gul boks-problematikken, seier han.

Forslaget kjem opp i kjølvatnet av at WTO-taket for pris-

støtte, som Norge har forplikta seg til, står i fare for å bli overskride i jordbruksoppgjæret til våren.

Reglane set grenser for prisveksten på varer med målpris, som mjølk. Prisstøtta blir rekna ut frå faste referanseprisar på 80-talet. Dermed kjem taket stadig nærare i takt med inflasjonen og med stor prisauke blir taket raskare nådd.

Tidlegare er taket unngått ved å fjerne målprisen på stadig fleire jordbruksvarer. Det er derimot ikkje utan vidare like enkelt på korn og mjølk, som står for mesteparten av prisstøtta som Norge rapporterer inn til WTO.

- Handelsvridande

Torbjørn Tuft, prosjektleiar i AgriAnalyse, reknar det også som ganske sikkert at forslaget til nytt beitetilskot vil bli rekna som handelsvridande støtte i WTO.

- Når det skal betalast ut per liter mjølk, så er det ganske openbert at det blir rekna som gul støtte og handelsvridande i WTO. Det som er avgjerande er om tilskotet er produksjonsavhengig eller ikkje. Litt forenkla kan ein seie at når ein koplar til produsert mengde, så er tilsko-

tet produksjonsavhengig og ein form for prisstøtte, seier Tuft.

Ifølgje Tuft spelar det inga rolle at tilskotet skal vere knytt til beiting.

- Innan WTO bryr ein seg ikkje om at tilskotet bidreg til beiting eller kva det måtte vere, seier han.

Ifølgje Tuft er det først og fremst tilskot til areal og miljøtiltak som blir utbetalt per dekar som hamnar i grøn boks. Der er det ikkje avgrensingar på støtteomfanget.

- Det hjelper ikkje å argumentere med at tilskotet vil stimulere til beiting og gunstige miljøeffektar?

- Nei, det trur eg ikkje vil hjelpe så lenge det er betaling per liter mjølk, seier Tuft.

- EU har lagt om

Tuft, som nyleg har skrivne rapport om jordbrukspolitikken i Austerrike, seier han ikkje kjenner til at verken Austerrike eller Sveits har liknande beitetilskot som blir utbetalt per liter mjølk. Begge har ifølgje Tuft ordningar for beiting og seterdrift, men dei er knytt til areal og ikkje produsert vare.

- Verken Austerrike eller Sveits har noko slikt, så vidt eg



fast på forslaget.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

veit. Eg kjenner heller ikkje til andre land i EU som har det. EU har lagt om jordbruksstøtta slik at det aller meste av tilskota blir gitt til areal. Dei har svært lite som blir rekna som produksjonsavhengig og handelsvridande gul støtte, seier Tuft.

Han seier det er mogleg å lage eit beitetilskot for ta vare på grasarealet her i landet, men om ein skal unngå WTO-taket for prisstøtte trekker han fram at tilskotet helst bør vere knytt til areal og miljøtiltak for å vere grøn støtte i WTO-systemet.

Ein oversikt frå EU-kommisjonen viser at EU har rapportert inn litt over 5 milliardar euro i støtte innan såkalla gul boks dei siste åra. Taket som EU har i gul boks i WTO er på over 72 milliardar euro. Med andre ord nyttar EU under 10 prosent av handlingsrommet dei har for gul støtte.

På den same oversikta står Norge oppført med rett over 1 milliard euro i prisstøtte for 2021 medan WTO-taket til Norge det året var på 1,13 milliardar euro ut frå dåverande valutakurs ifølgje oversikta.

Stotte frå Ås

Førsteamanuensis ved Han-

delshøyskolen på NMBU på Ås, Roberto J. Garcia, er av same oppfatning som Smedshaug og Tuft.

– Frå mitt perspektiv høyrer det klart ut som eit slikt tilskot vil gå inn i gul boks i WTO. Det fordi det påverkar prisen og produksjonen, seier Garcia til Nationen.

Han seier det ikkje hjelper å argumentere med at tilskotet stimulerer til beiting som kan vere bra for miljøet.

– Andre land vil kunne utfordre det og vise til at det er andre måtar å oppnå slike miljøeffektar utan å auke produksjonen, seier Garcia og viser til arealstøtte som eit alternativ.

– Vil måtte vurdere

Landbruks- og matdepartementet (LMD) vil per i dag ikkje gå inn på ei vurdering av det konkrete forslaget.

«Landbruks- og matdepartementet kan ikkje nå kommentere hvorvidt det er aktuelt å etablere nye tilskottsortningar i forbindelse med jordbruksoppjøret. Hvordan eventuelle nye ordningar vil bli vurdert i forhold til WTO-regelverket vil avhenge av utforming av ordningen. Dette er noe en vil må-

European Union


Source: various data from Ag-IMS



WTO-RAPPORTERING: Her er støtta som EU har rapportert inn til WTO i såkalla grøn, blå og gul boks. Streken er EUs tak i gul boks. FOTO: SKISSE: EU-KOMMISJONEN

Norway

Source: various data from Ag-IMS



WTO-RAPPORTERING: Her er støtta som Norge har rapportert inn til WTO i såkalla grøn, blå og gul boks omrekna til euro. Streken er Norges tak i gul boks. FOTO: SKISSE: EU-KOMMISJONEN



GRØNVASKING: Dagleg leiar i Agri Analyse, Christian Anton Smedshaug, seier tilskotet minner om grønvasking og seier det er vanskeleg å sjå forslaget som ei reell løysing på WTO-problematikken.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

te vurder dersom det blir aktuelt», er svaret vi får oversendt på e-post på vegner av handelspolitisk seksjon i LMD.

Gir ikkje opp forslaget

Leiar i Lesja og Lesjaskog Bondelag, Arne Manger, har ikkje tenkt å legge bort forslaget sjølv om fagfolk i AgriAnalyse og på NMBU seier tilskotet etter alt å dømme ikkje vil unngå WTO-taket.

– Det hjelper ikkje å seie at

FAKTA

Målprisar og WTO-reglar

- Fleire jordbruksvarer har ein målpris som blir bestemt i jordbruksoppjøret. Det gjeld mjølk, korn, poteter og fleire grøntvarer.
- Det er marknadsregulatorarar som Tine og Felleskjøpet Agri som har ansvar for å ta ut målpris ved å regulere tilbodet opp mot etterspørselen.
- Målprisen er ein makspris. Blir prisen høgare enn målpris eitt år, så må prisen reduserast tilsvarende neste avtaleår.
- WTO reknar målprisar som forstyrrende på handelen. Norge har forplikta seg til å avgrense ulike former for prisstøtte (AMS) til maks 11,449 mrd. kr (såkalla gul boks) i året. Støttenivået blir rekna ut frå referanseprisar frå åra 1986 til 1988. For å unngå taket er fleire varer fjerna frå målprissystemet.
- Kylling blei tatt ut av både målprissystemet og marknadsordningane i 2007, ofte omtalt som «kyllinggrepet». I 2009 blei storfe flytta over til den såkalla volummodellen. Egg og lam kom etter i 2013 og svin i 2021.
- For varer i volummodellen skal Nortura setje ein «planlagt gjennomsnittleg engrospris» (PGE) to gonger i året. Prisen på kylling er marknadsstyrt.

det sannsynlegvis vil vere slik. Viss det ikkje er 100 prosent sikkert, så må det avklarast, seier Manger.

Han stiller spørsmål ved korleis økonomien til bønder skal kunne løftast på andre måtar.

– Det brenn eit blått lys. Vi må snu alle steinar. Viss nokon synest dette forslaget er vondt og vanskeleg, så må dei kome opp med alternativ, seier han.

– Meiner du dei tar feil i vurderingane?

– Det er det ikkje opp til meg å bevisse. Viss dei meiner eg tar feil, så må dei bevisse det. Det er ikkje godt nok å seie at det sannsynlegvis ikkje vil kunne gå, seier han og legg til at det er vanskeleg å redde mjølkeøkonomien om alt skal kome på målpris og inni gul boks i WTO-systemet.